

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.02.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein er komme noko lenger i forbetningsarbeidet enn ved førre rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3, 6, 7 og 8 til møte i utvalet 14.06.2021, med frist for levering til sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at det for kvart av punkta der det er formuleringar som; ...vil bli lagt til grunn ved revisjon...,vil bli utarbeidde og lagt inn...,under utarbeiding..., Når VegCIM er klar til bruk....., Det er planlagt kurs i Veg CIM....., ... er det under etablering..... og lenge venta på ei avklaring, vert oppgjeve tidspunkt for når dei einiskilde tiltaka er ferdig sett i verk, jf. punkt 10 i vedtaket i fylkestinget 03.10.2018.